


Consulting

Kommunereform Sunnfjord

Utgreiing 1: Storkommune - utfordringar og moglegheiter

15 mai 2015
Endeleg rapport



pwc



Telemarksforsking

Innhald

Kapittel	Tittel	Side
1	Innleiing	1
2	Arbeidsplass-, folketals og infrastrukturutvikling i kommunane	3
2.1	Arbeidsplassutvikling	5
2.2	Folketalsutvikling	17
2.3	Infrastrukturutvikling	25
2.4	Mål, planar og ressursar for samfunns- og næringsutvikling	29
3	Storkommune – vurderingskriterium og konklusjon	33
Vedlegg		
1	Bransjeutvikling	41
2	Næringsattraktivitet	47
3	Pendling	52
4	Planar for infrastrukturutvikling	57
5	Oversikt utviklingsaktørar og næringsforeiningar	61
6	Planar for samfunns- og næringsutvikling	64
7	Referanseliste	68

Ansvar/ Disclaimer

Denne delrapporten er utarbeida av PricewaterhouseCoopers (PwC) i samarbeid med Telemarksforsking for kommunane som deltek i «Kommunereform i Sunnfjord» i samsvar med engasjementsbrev datert 13. mars 2015.

Våre vurderingar bygger på faktainformasjon som har kome fram gjennom prosjektmøter og gruppearbeid med dei involverte aktørane og i relevant dokumentasjon som har blitt gjort tilgjengeleg for oss. Vi vurderer våre kjelder og vårt informasjonsgrunnlag som påliteleg, men PwC garanterer ikkje for at dette er fullstendig, korrekt og presis. Framlagt informasjon må ikkje oppfattast å være verifisert av PwC.

Aktørane har rett til å nytte informasjonen i denne rapporten i si verksemd, i samsvar med inngått avtale. Rapporten er å betrakte som eit offentleg dokument iht. offentleglova. PwC tek ikkje på seg noko ansvar for tap som er lidt av aktørane, eller andre som følge av at vår rapport eller utkast til rapport er distribuert, referert eller på annan måte nytta i strid med dette eller gjeldande avtale.

PwC beheld opphavsrett og alle andre immaterielle rettigheter til rapporten samt idear, konsept, modellar, informasjon og know-how som er utvikla i samband med vårt arbeid.

Innleiing til delrapport 1 til 3 Nasjonale føringar, deltakande kommunar og utgreiingsområde

Målsetting med kommunereforma

Ni av kommunane i Sogn og Fjordane har vedteke å starte ein prosess for eventuelt å slå seg saman til ein ny og større kommune, med verknad frå 1.1.2020.

Bakgrunnen for prosjektet er at Stortinget har slutta seg til regjeringa sitt framlegg knytt til kommunereform. Myndigheitene har følgjande mål med kommunereforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbygarane
- Heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Proposisjon 95S (2013-2014) grunngeving reforma slik:

- Befolkningsutviklinga
- Sentralisering
- Manglande samsvar mellom administrative og funksjonelle funksjonar
- Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane
- Auka krav til kapasitet og kompetanse
- utfordringar for lokaldemokratiet
- Interkommunalt samarbeid
- Auka statleg detaljstyring

Ulike samanslåingsalternativ og utgreiinga

Prosesen i regionen er starta etter initiativ frå kommunane Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal. Andre kommunar vart også invitert inn i prosessen og kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gloppen har meldt si interesse for å delta. Det er vidare bestemt å utgreie følgjande fire alternativ:

Alternativ	Kva kommunar
Storkommune	Flora, Naustdal, Førde, Gaular, Jølster, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gloppen
SiS	Flora, Naustdal, Førde, Gaular og Jølster
«Liten SiS»	Naustdal, Førde, Gaular og Jølster
HAFS	Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Solund

Kommunane har leigd inn PwC og Telemarksforskning til å utgreie følgjande tre område:

1. Storkommune som motvekt til utflytting av arbeidsplassar, svak vekst og sentralisering. God kvardagsorganisering og felles identitet. Eventuell vinst i kvalitet og økonomi.
2. Styringsordninga i den nye kommunen, politisk og administrativt.
3. Analyse og kartlegging innan økonomi og demografi.

Utgreiing 2 var ferdig 15. april, medan utgreiing 1 og 3 var ferdig 15. mai 2015.

Innleiing til delrapport 1 til 3 Organisering

Organisering

Prosjektet har følgjande organisering:

Organisering	
Prosjekteigar	Kommunestyra i deltakande kommunar
Prosjektansvarleg	Leiar i regionrådet for SiS, Mathias Råheim
Styringsgruppe	<ul style="list-style-type: none"> • Ordførarane i deltakande kommunar • Rådmennene, sekretæranne for regionråda og prosjektleiar har møte- og talerett • Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa • Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Solund kommune har observatørstatus
Prosjektleiar	Øystein Høyvik
Prosjektsekretariat	Trond Ueland, Per Arne Tveit og Øystein Høyvik
Prosjektgruppe	<ul style="list-style-type: none"> • Rådmennene i deltakande kommunar • HTV Utdanningsforbundet (Unio), Stian Jacobsen • HTV Fagforbundet (LO), Wenche Kvalvik • HTV Fagforbundet (LO), Elin Kjøsnes Enebakk • Sekretær HAFS regionråd, Per Arne Tveit • Sekretær SiS regionråd, Trond Ueland • Prosjektleiar Øystein Høyvik, leiar og sekretær for prosjektgruppa • Solund kommune har observatørstatus
Arbeidsgrupper	Eit utval kommunalsjefar
Referansegruppe	Formannskapa Tillitsvalde i den enkelte kommune Innbyggjarane

PwC har utforma rapportane i samarbeid med Telemarksforsking.

Oppdragsansvarleg har vore Jan Flølo (PwC). I tillegg har Ingvill Flo, Richard Nesheim, Pål Sandal og Geir Are Nyeng frå PwC bidrege. Frå Telemarksforsking har Kjetil Lie, Gunn Kristin Aasen Leikvoll, Audun Thorstensen og Marit Owren Nygaard bidrege.

Kommunane har også bidrege aktivt i arbeidet. Både styrings-, prosjekt- og arbeidsgruppene har gitt gode innspel gjennom fleire møte. I tillegg har kommunane rapportert inn fakta og fått høve til å kome med kommentarar til førebelse rapportar.

Vi vil nytte høve til å takke for eit godt samarbeid med kommunane i prosessen med å utforme rapportane.

Førde 13.5.2015



Jan Flølo

Oppdragsansvarleg

Kapittel 1

Innleiing

Bakgrunn og formål for utgreiing 1

Storkommune som motvekt til utflytting av arbeidsplasser, svak vekst og sentralisering

Bakgrunn

Ei viktig målsetting med ei kommunesamanslåing er få ein meir handlekraftig kommune som kan spele ei større rolle som både lokal og regional samfunnsutviklar. Dette vil vere avhengig av m.a.:

- om kommunane evnar å drive god og effektiv planlegging og følge opp utviklingstiltak innan viktige samfunns- og næringsutviklingsområde
- om ein har kompetanse og kapasitet til å følge opp arbeid med arealplanlegging, næringsarbeid, kulturtiltak, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap
- næringsstruktur og næringsattraktivitet i regionen

Formål

Føremålet med denne delrapporten er å utgreie om ei kommunesamanslåing kan føre til:

- ei meir heilskapleg og langsiktig planlegging og utvikling som kjem heile kommunen til gode
- at kommunane spelar ei sterkare og meir slagkraftig rolle som utviklingsaktør

Metode:

I rapporten har vi brukt eksisterande statistikk for å beskrive sentrale utviklingstrekk for kommunane knytt til befolkningsutvikling, næringsutvikling og pendling. Vi har blant anna brukt SSB og utgreiingsverktøyet til KMD – www.nykommune.no.

- Vi har brukt Telemarksforskning sine datasett for å vurdere næringsamansetning og bustadattraktivitet.
- Det er gjennomført drøftingar med prosjekt- og arbeidsgruppa, der styrkar og svakheiter knytt til næringsamansetning, bustadattraktivitet og utviklingsaktivitetane i kommunane vart drøfta.
- Dokumentstudiar av tilsendte dokument frå kommunane og dokument på kommunen sine heimesider.
- Kvant strukturalternativ er vurdert ut frå eit sett kriterier som er henta frå regjeringa sitt ekspertutval for kommunereforma, samt andre kriterium som vi meiner er relevante å vurdere.

Rapportens struktur:

- I kapittel 2 beskriv vi nærings-, folketals- og infrastrukturutvikling for kvart av dei fire utgreiingsalternativa, samt at vi har laga eit samandrag over mål- og næringsplanar og ressursar som jobbar med samfunns- og næringsutvikling i regionen. Kapittelet inneheld også prosjekt- og arbeidsgruppene sine vurderingar rundt styrkar og svakheiter med dagens kommunestruktur og moglegheiter og truslar ved ein eventuell ny kommunestruktur.
- Kapittel 3 består av analyser og vurderingar rundt dei fire utgreiingsalternativa.

Kapittel 2

Arbeidsplass-, folketals og infrastrukturutvikling i kommunane

Tilnærming

I dette kapitlet har vi presentert og vurdert:

Arbeidsplassutvikling (kapittel 2.1)

Arbeidsplassutviklinga er ein indikator på kor attraktivt næringslivet. I samband med denne vurderinga vert dei ulike næringane delt inn i næringstypene:

- Basisnæringar (nasjonalt/internasjonalt marknad)
- Besøksnæringar (turisme, handel, personlege tenester)
- Regionale næringar (regionalt marknad, t.d. bygg og anlegg)
- Lokale næringar
- I tillegg har vi arbeidsplassar innan kommune, stat og fylke.

Vi viser ei oversikt over arbeidsplassutviklinga innan dei ulike næringstypene for kvart av dei fire utgreiingsalternativa, og kommenterer på utviklinga for kvart utgreiingsalternativ i forhold til utviklinga på landsbasis. Vi ser også på bransjeutvikling og næringsattraktivitet for kvart av dei fire alternativa.

Vi har i dette kapitlet også vurdert pendling internt i dei ulike alternativa (den prosentvise delen av den sysselsette befolkninga i ein kommune som jobbar i eigen kommune og i dei andre kommunane som er med i alternativet). Formålet er å få fram om arbeidsmarknadane i alternativet er godt integrert.

Folketalsutvikling (kapittel 2.2)

Vi har utarbeidd oversikt over folketalsutvikling og forklart dette ut frå variablane innanlands flytting, innvandring og fødselsbalanse. Formålet er å skaffe eit utgangspunkt for vurdering av kva som er attraktive buområde i regionen samt få opp ein vurdering av befolkningsstrukturen i regionen.

Infrastrukturutvikling (kapittel 2.3)

Vi har gått gjennom planverk i kommunane og laga ei oversikt over prioriterte satsingsområde innan vegar, digital infrastruktur og tilgang til kunnskapsmiljø. Formålet er å skaffe eit utgangspunkt for vurdering av om kommunane har felles utfordringar og prioriteringar på dette område, og om ei større kommune i større grad vil bidra til å løyse utfordringar på dette område.

Felles mål- og planar for næringsutvikling (kapittel 2.4)

Vi viser ei oversikt over felles mål- og planar for samfunns- og næringsutvikling og kva kompetanse og ressursar som arbeider med samfunns- og næringsutvikling internt i dei ulike alternativa. Formålet er å kartlegge om kommunane har felles mål og planar for næring-, busetnad- og infrastrukturutvikling i dag.

Alle kapittel inneheld eit samandrag av analysar av talgrunnlag, dokumentstudiar og innspel frå arbeids- og prosjektgruppene, samt våre vurderingar knytt til kvart tema.

Kapittel 2.1

Arbeidsplassutvikling

Arbeidsplassutvikling i dei fire utgreiingsalternativa etter art og drivarar


Vi kategoriserer bransjane i næringslivet i fire ulike næringsstypar. Næringsstypane er av ulike art og har ulike drivarar, og vi har sett på arbeidsplassutviklingane innan desse næringsstypane. I tillegg har vi sett på arbeidsplassutviklinga innan offentleg sektor.

Basisnæringane	Besøksnæringar	Regionale næringar	Lokale næringar og kommune
<ul style="list-style-type: none">• næringsliv som konkurrerer på eit nasjonalt eller internasjonalt marknad• ofte rekna som «motoren» i økonomien• det er ut ifrå basisnæringane mykje anna næringsverksemd vert skapt	<ul style="list-style-type: none">• næringsliv kjenneteikna av at kunden må vere personleg til stades• turisme, butikkhandel og personlege tenester• innbyggjarar og besøkjande er kundar hos besøksnæringane	<ul style="list-style-type: none">• består av bransjar som både har anna næringsliv, offentlige institusjonar og innbyggjarane som kundar, og som primært rettar seg mot ein regional marknad• bygg og anlegg, transport og forretningsmessig tenesteyting	<ul style="list-style-type: none">• kommuneale tenester og næringsliv som leverer tenester til innbyggjarane og som substituerer tenester frå offentleg sektor, t.d. barnehagar, skular, primærhelsetenester og renovasjon• er som regel ein funksjon av veksten i folketal


Arbeidsplassutvikling Storkommune

- Basisnæringane i Storkommune er litt mindre enn i landet som heilskap. Næringstypen har mista 17,6 prosent av arbeidsplassane sidan 2000. På landsbasis har næringstypen vakse med 3,6 prosent.
- Besøksnæringane er omtrent like store som på landsbasis, men arbeidsplassveksten har berre vore halvparten så stor som i landet totalt sett.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling SiS

- Basisnæringa er liten og har mista mange arbeidsplasser sidan 2000.
- Fylkeskommunal og statlig sektor er ganske stor, og veksten har vore sterk sidan 2000 – sterkare enn i landet totalt sett.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling «Liten SiS»

- Basisnæringane er små samanlikna med landet som heilskap.
- Basisnæringane har også hatt kraftig arbeidsplassnedgang.
- Besøksnæringane er større enn i landet som heilskap, og veksten har vore neste like høg som i Norge.
- Fylkeskommunal og statlig sektor er stor, og veksten har vore høgare enn veksten på landsbasis.
- «Liten SiS» har netto innpendling.

Status for 2013




Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013




Arbeidsplassutvikling HAFS

- Basisnæringane er store, større enn i landet totalt sett, men næringstypen har hatt kraftig nedgang sidan 2000.
- Også fylkeskommunal og statlig sektor har hatt arbeidsplassnedgang, til tross for sterk vekst nasjonalt. Disse sektorane er små i HAFS.
- Dei regionale næringane er også små samanlikna med landsgjennomsnittet, og veksten har vært svakare enn veksten i landet totalt sett.
- Kommunal sektor/lokal næringsar er relativt store i HAFS.

Status for 2013



Indeksert arbeidsplassutvikling frå 2000 til 2013



Bransjeutvikling og næringsattraktivitet innan dei fire utgreiingsalternativa versus utviklinga på landsbasis

Hovudtrekk for dei ulike alternativa basert på vekst i næringslivet sett mot vekst på landsbasis (sjå vedlegg 1 for fleire detaljar) og vurdering av attraktivitet (sjå vedlegg 2).

Alternativ	Kommunar	Kommentar
Storkommune	Flora, Naustdal, Førde, Gaular, Jølster, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gloppen	<ul style="list-style-type: none"> • I storkommunealternativet er fiske og landbruk meir enn dobbelt så stort som på landsbasis. Begge desse bransjane har hatt kraftig arbeidsplassnedgang på landsbasis sidan 2000. • Storkommune har også relativt mykje næringsliv knytt til næringsmiddelindustrien. Dette er også ein bransje i nedgang. Storkommune har relativt lite næringsliv i bransjane olje og gass, teknologiske og vitskapelege tenester og tele/IKT. • Sidan Storkommune har mykje næringsliv i nedgangsbransjar og lite i oppgangsbransjar innanfor basisnæringane, kan Storkommune forvente noko mindre arbeidsplassvekst enn landet samla. Etter finanskrisa har veksten vore som forventa av bransjestrukturen. • Næringsliv knytt til besøksnæringar som handel, reiseliv og servering, kan også forvente noko mindre vekst enn landet som heilskap, sidan Storkommune har hatt svakare folketilvekst enn landet. Her har likevel veksten vore svakare enn venta. • I næringsliv elles kan Storkommune forvente lik vekst som landet, grunna ein normal bransjestruktur. I dei siste tre åra har veksten i næringslivet elles (dei regionale næringane) vore svakare enn forventa.
SiS	Flora, Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> • Dei bransjane som SiS har relativt mykje av, er bransjar som har hatt nedgang nasjonalt dei siste 13 åra (næringsmiddelindustri, fiske, landbruk og transportbransjen). • Næringslivet i SiS har utvikla seg ganske likt som i Storkommune-alternativet. Det kan skuldast at næringslivet i dei to største kommunane, Førde og Flora, i stor grad pregar utviklinga i heile området.

Bransjeutvikling og næringsattraktivitet innan dei fire utgreiingsalternativa versus utviklinga på landsbasis

Hovudtrekk for dei ulike alternativa basert på vekst i næringslivet sett mot vekst på landsbasis (sjå vedlegg 1 for fleire detaljar).

Alternativ	Kommunar	Kommentar
«Liten SiS»	Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> I «Liten SiS» er landbruket dobbelt så stort som på landsbasis. Dei andre bransjane er enten mindre eller omtrent like store (nokon også litt større). «Liten SiS» har meir næringsliv knytt til handel og overnatting enn landet som heilskap. Dette er bransjar som har vore i vekst nasjonalt. I «Liten SiS» har veksten i basisnæringa vore høgare enn bransjestrukturen skulle tilseie. Besøksnæringane har hatt lågare vekst enn forventa, og «Liten SiS» reknast difor for ikkje å vere attraktiv for besøk. I det næringsliv elles (regionale næringar) har veksten vore lågare enn forventa dei siste tre åra.
HAFS	Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Solund	<ul style="list-style-type: none"> I HAFS arbeider 10 gongar så mange innan fiske som på landsbasis. Fiske har mista kvar femte arbeidsplass nasjonalt sidan 2000. I HAFS arbeider over tre gongar så mange i landbruk som i landet totalt sett. Landbruket er ein av bransjane som har hatt kraftigast nedgang nasjonalt sidan 2000. HAFS har nesten ikkje næringsliv knytt til tekniske og vitskapelege tenester, som er ein bransje med sterk vekst nasjonalt. Bransjestrukturen i HAFS tilseier at regionene kan forventa lågare vekst i basisnæringane enn landet som heilskap. I nokre periodar dei siste åra har veksten vore høgare enn forventa. Dei siste tre åra, har arbeidsplassveksten vore lågare enn bransjestrukturen tilseier. Sidan HAFS har hatt folkenedgang, har ikkje regionen kunne forvente vekst i besøksnæringane. Veksten i besøksnæringane har derimot vore høgare enn forventa, og slik sett er HAFS attraktiv for besøk. Veksten i næringslivet elles (regionale næringar) har vore mykje høgare enn forventa. HAFS er difor attraktiv for regionale næringar.

Pendling og graden av integrasjon av arbeidsmarknad

Her ser vi på pendling internt i dei ulike alternativa. Vi ser då på den prosentvise delen av den sysselsette befolkninga i ein kommune som jobbar i eigen kommune og i dei andre kommunane som er med i alternativet. Vi vil då få fram om arbeidsmarknadane i alternativet er godt integrert. Talgrunnlaget er frå 2013. (Fleire detaljar om pendling, som denne matrisa bygger på, ligg i vedlegg 3)

Alternativ	Kommunar	Kommentar
Storkommune	Flora, Naustdal, Førde, Gaular, Jølster, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gloppen	<ul style="list-style-type: none"> • Det er mykje pendling inn til Førde frå Gaular, Naustdal og Jølster <ul style="list-style-type: none"> • Nesten 40 prosent av dei sysselsette i Gaular jobbar i Førde. • Over 35 prosent av den sysselsette befolkninga i Jølster jobbar i Førde • Over 46 prosent av den sysselsette befolkninga i Naustdal jobbar i Førde. • Pendlinga inn til Gaular er størst frå Førde med 2 %, pendlinga inn til Jølster er størst frå Gloppen med 2 % og pendlinga inn til Naustdal er størst frå Førde med 1,2 %. • Det er elles generelt liten grad av pendling mellom kommunane i Storkommune-alternativet. • Frå alle kommunar i alternativet pendlar over 10 prosent til ein kommune som ikkje er med i Storkommune-alternativet.
SiS	Flora, Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> • SiS er prega av lite netto-utpendling samla. Det var berre 130 fleire personar som pendla ut enn inn i 2013 (1 % av sysselsettinga). • Alle kommunane i SiS utanom Flora har ei høg grad av pendling inn til Førde. • Førde og Flora er kommunane med høgast del sysselsette som jobbar i eigen kommune. Dei andre kommunane er pendlingskommunar, mest frå Naustdal. • Over halvparten av den sysselsette befolkninga i Naustdal jobbar utanfor kommunen. • Av dei som bur i Naustdal er det fleire som jobbar i Førde enn i eigen kommune.

Pendling og graden av integrasjon av arbeidsmarknad (2)

Alternativ	Kommunar	Kommentar
«Liten SiS»	Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> • I 2013 var det 121 fleire personar som pendla inn enn ut frå desse kommunane samla. • Arbeidsmarknad i «Liten SiS» er prega av at Førde er eit arbeidsmarknadssentrum. • Både i Gaular, Jølster og Naustdal jobbar under halvparten av den sysselsette befolkninga i eigen kommune, og ein stor del jobbar i Førde. • Det er også ein betydeleg del som pendlar til ein kommune utanfor «Liten SiS».
HAFS	Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Solund	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunane i dette alternativet er lite integrert med tanke på pendling. • 6,7 prosent av den sysselsette befolkninga i Hyllestad jobbar i Fjaler, og 4,1 prosent av den sysselsette befolkninga i Fjaler jobbar i Hyllestad. • Mange pendlar til ein kommune som ligg utanfor HAFS.

Utvikling av ein felles arbeidsregion

Prosjekt-/arbeidsgruppa si vurdering

Arbeidsgruppa har drøfta styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar ved ein felles arbeidsregion. I det følgjande er det utarbeidd eit samandrag av innspel frå arbeidsgruppa på dette område.

<p>Styrkar som arbeidsregion i dag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein har mange kompetansearbeidsplassar i offentleg sektor, noko som gir stabilitet ved konjunkturedgang og moglegheiter for arbeidsplassar for to • Ein har eit SMB-segment med god lønsemd og få konkursar, der det er vilje til omstilling og samarbeid 	<p>Svakheiter som arbeidsregion i dag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Yste delar av regionen kan i liten grad delta i regional arbeidsmarknad, pga. store avstandar. • Svakare vekst i regionen enn i landet elles, spesielt basisnæringane • Prosjektretta arbeidsplassar (for eksempel skipsindustri) er sårbare
<p>Moglegheiter i regionen ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Større breidde og variasjon i samla arbeidsmarknad → ein meir komplett næringsstruktur (samarbeide framfor å konkurrere) • Ein vert truleg betre rigga for å møte megatrender som urbanisering og teknologiutvikling gjennom å samordne fagmiljø • Meir koordinert utvikling av næringar der ein har naturgitte fortrinn, for eksempel landbruk, kultur- og opplevingsbasert næring • Vidareføre samarbeidet i HAFS-regionen for å sikre fokus på kystområde • Felles nettverk for kulturarbeidsplassar • Betre samarbeid mellom forskning- og utdanningsmiljø og næringsklynger • Betre tilgang til kapital (private investormiljø, EU-midlar etc.) fordi ein kan jobbe med større nettverk/prosjekt 	<p>Truslar i regionen ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fare for at ein tappar dei mindre stadane i regionen for kompetansearbeidsplassar

Utvikling av ein felles arbeidsregion

Vår vurdering

Vi er langt på veg samd med prosjekt og arbeidsgruppa i deira vurderingar og vil summere opp følgjande kjennemerke med arbeidsregionen:

- Regionen har ein sterk offentleg sektor. Dette er ein styrke med omsyn til å skaffe arbeidsplassar for to, og med omsyn til å utvikle sterke kunnskapsmiljø med brei representasjon frå ulike fagprofesjonar.*
- Basisnæringane vert rekna som motoren i næringslivet. Tilbakegangen i basisnæringane er derfor ein stor trussel for regionen og dette indikerer eit behov for å auke innovasjonstakta i næringslivet. Ein større kommune kan truleg i større grad vere ein støttespelar i utviklinga av basisnæringane gjennom å:*
 - utvikle ein heilskapleg næringsstrategi tufta på næringsmessige og naturgitte fortrinn i regionen.*
 - legge til rette for partnarsskap mellom næringsliv, offentleg sektor og kunnskapsmiljø.*
 - ha større ressursar og meir kompetanse til å ivareta plan og utviklingsoppgåvene i kommunen*
 - ha større ressursar og kompetanse til å gjennomføre næringsutviklingsarbeid*


Kapittel 2.2

Folketalsutvikling


Folketalsutvikling

På dei neste sidene vil vi sjå på korleis folketalsutviklinga har vore i dei ulike alternativa, og kva folketalsutviklinga skuldast. Vi dekomponerer folketalsutviklinga i innanlands nettoflytting, fødselsbalanse og netto innvandring. Dei fleste stadar i Norge har ein hatt positiv folketalsutvikling dei siste åra på grunn av generell høg innvandring til Norge. Vi vil difor kommentere på om innvandringa i alternativa er høgare eller lågare enn innvandringa nasjonalt. Figurane under viser ein kort bakgrunnsinformasjon om dei ulike samanslåingsalternativa.

Folketal dei fire alternativa




Folketal per kommune




Folketal 2040 bygger på framskrivingar frå SSB (Middels nasjonal vekst 4M)

¹Framskrivinga for Fjaler er truleg litt for høg som følgje av at elevane ved UWC vert rekna som innbyggjarar. Agenda Kaupang har på oppdrag for Fjaler kommune gjennomført ei alternativ framskriving som justera for denne effekten. Folketalet vert i denne rapporten berekna til 3290 for 2039.


Folketalsutvikling Storkommune




- Ved utgangen av 1. kvartal 2015 var det 46413 innbyggjarar i Storkommune.
- Det har vore sterkare vekst etter 2008.
- Veksten skuldast positiv fødselsbalanse, men mest høgare innvandring.
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ. Området taper innbyggjarar til andre stadar i Norge.
- Dei siste åra har innvandringa til området vore høgare enn innvandringa på landsbasis.




Folketalsutvikling SiS




- Det har vore ein jamn vekst i folketalet i SiS sidan 2000.
- Veksten har vore noko sterkare sidan 2008. Folketalet i dette alternativet var på 33426 ved utgangen av første kvartal 2015.
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ, men fødselsbalansen er positiv.
- Fødselsbalanse var litt høgare enn fødselsbalansen på landsbasis det siste året. Det er innvandringa som har bidrege mest til veksten i folketal. Dei siste åra har innvandringa til SiS vore høgare enn innvandringa nasjonalt.



Folketalsutvikling «Liten SiS»




- «Liten SiS» er prega av høg fødselsbalanse. Fødselsbalansen i området er høgare enn fødselsbalansen nasjonalt. Også «Liten SiS» taper innbyggjarar til andre stadar i Norge, men nettoinnvandringa er positiv. Det siste året var nettoinnvandringa litt høgare enn innvandringa nasjonalt.
- I fleire år etter 2008 har innvandringa vore vesentleg høgare enn innvandringa nasjonalt. Innvandringa bidrar mest til folketalutviklinga. Før 2008 bidrog fødselsbalansen meir.



Folketalsutvikling HAFS



- HAFS hadde 8036 innbyggjarar ved utgangen av første kvartal 2015. Det er ein nedgang frå 8822 i 2000. Nedgangen skuldast i hovudsak innanlands fråflytting.
- Fødselsbalansen er negativ, og den har blitt meir negativ dei siste åra. Med unntak av noen få periodar, har innvandringa vore positiv, men den er lågare enn innvandringa nasjonalt.
- HAFS taper dermed innbyggjarar på alle plan relativt til folketalutviklinga i landet totalt sett.



Utvikling av ein felles buregion

Arbeidsgruppa si vurdering

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa har drøfta styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar ved ein felles buregion. I det følgjande er det utarbeidd eit samandrag av innspela frå arbeidsgruppa på dette område.

<p>Styrkar ved felles buregion:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Differensierte, attraktive og varierte buområde (byliv, småbruk, fjell- og kystliv) • God kvalitet og dekning på skule og barnehage, god kvalitet på fritids- og kulturtilbod gjennom styrka fagmiljø (i større einingar) • God tilgang på naturressursar 	<p>Svakheiter ved buregion:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Låge verdiar på bustadar i deler av regionen • For høge prisar på bustad i «pressområde» • Har ikkje i stor nok grad utvikla eit variert bustadstilbod (hus, leilegheit, leigebustad etc.)
<p>Moglegheiter i regionen for buregion ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvikle betre kommunale tenester • Meir koordinert planarbeid og betre tilrettelegging for gode bustadsområde • Potensial for å styrke arbeid med sentrumsutvikling i Førde (som har ei positiv utvikling i folketal) • Utvikle eit innbyggjartilpassa bustadstilbod • Større kommunar, meir attraktivt 	<p>Truslar i regionen for buregion ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rivalisering mellom kommunar

Utvikling av ein felles buregion

Vår vurdering

Vi er langt på veg samd med prosjekt og arbeidsgruppa i deira vurderingar og vil summere opp følgjande kjennemerke med folketalsutviklinga:

- Positiv fødselsbalanse i Storkommune og dei to SIS-alternativa er ein styrke, og bør vere eit drivhjul som det kommunale samfunnsutviklingsapparatet også framover stimulerer i same retning, og med ei hurtigare takt.*
- Den innanlandske flyttinga er negativ. For å motverke dette blir det viktig å:*
 - Framleis fokusere på tilrettelegging av gode kommunale og offentlege tenester (skule, barnehage, VGS og høgskule)*
 - Utvikle attraktive bustadfelt*
 - Utvikle større miljø med vekst som skaper større moglegheiter for tilflyttarar (både på arbeidsmarknaden og i bustadmarknaden)*
- Regionen er mangfaldig. Utvikling og marknadsføring av attraktive bu-, jobb- og skuletilbod i sentrumsnære og meir grisgrendte område vil vere viktig for å trekke til seg ulike målgrupper innbyggjarar. Det er naturgitte fortrinn på fleire stadar som danner grunnlag for satsingar innan opplevingsbasert næring i fleire delar av regionen. Utvikling av gode opplevingstilbod og utvikling av gode transportløyser, er forhold som i tillegg til å auke besøksattraktiviteten også aukar bustadattraktiviteten.*
- Innvandring bidreg mest til positiv folketalutvikling, og satsing på gode integreringstiltak bør prioriterast.*
- Pendlaravstand kan for delar av regionen vere ei utfordring for dei som ønskjer å bu landleg og jobbe i sentrumsnære strøk. Satsing på gode veg og kystsamband vil framleis vere viktig framover.*
- Det er peika på at rivalisering mellom kommunar kan vere ein trussel ved ei eventuell kommunesamanslåing. Ein viktig føresetnad for å lukkast vil vere god forankring for planar hos politikarar, administrasjon og næringsorganisasjonar i regionen og ein god omstillingsprosess.*

Kapittel 2.3

Infrastrukturutvikling

Omtale av kunnskapsmiljø, samferdsle og kommunikasjon og prioriteringar i planverk

Vi har gjennomgått strategiske næringsplanar for kommunane/interkommunale samarbeid i regionen. Vi har i det følgjande laga eit samandrag av viktige satsingar knytt til utvikling av kunnskapsmiljø, samferdsle og kommunikasjon i regionen. Detaljar ligg i vedlegg 4.

Kunnskapsmiljø:

- Heilskaplege utdanningsløp frå barnehage til høgskule (tryggje eksisterande studieplassar og skape nye i samarbeid med næringslivet)
- Permanente høgskuleplassar med relevante utdanningsløp i fylket (m.a. subsea, elektro, bygg & anlegg)
- Fleire forskingsprogram med orientering mot næringslivet
- Nye typar praksisplassar og trainee-ordningar
- Styrke satsinga på Ungt Entreprenørskap
- Utdanningskapasitet i marine næringar i Sunnfjord
- Vidareutvikling av internasjonal skulemiljø rundt UwC
- Bedriftsspesifikke kompetansehevingstiltak
- Gode kompetansetilbod for gründer og entreprenørar

Samferdsle og kommunikasjon:

- Gjennomføring av Førdepakken og oppgradering av E39 til naboregionane
- Tilknytning til og oppgradering av rv 5 for å sikre effektiv og trygg transport i regionen og mellom regionane
- Utbetre FV 57 for å knyte saman Sunnfjord til Hafs
- Kystveg som bind saman Florø med naboregionane langs kysten med ferjefri kryssing av Førdefjorden for å auke arbeidsmarknadsintegrasjon kring Flora som næringsmotor
- Partnerskap med fylkeskommunen for vidareutvikling av transportsystemet i Sunnfjord
- Gode gang og sykkelveggar
- Betre kapasitet og dekning for fiber og mobil

Utvikling av gode infrastruktur løysingar

Arbeidsgruppa si vurdering

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa har drøfta styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar knytt til felles utvikling av gode infrastrukturløysingar. I det følgjande er det utarbeidd eit samandrag av innspela frå arbeidsgruppa på dette område.

<p>Styrkar ved infrastrukturen i dag:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gode pendlartilhøve i store delar av regionen • E 39 og RV 5, Dalsfjordsambandet og tre flyplassar • Når store delar av regionen med reisetid på under ein time • Tilgang til sjøtransport (goods og person), gode hamner og hamnesamarbeid • God høgskule, viktig å bevare bransjelinjer (for eksempel subsea-utdanning) 	<p>Svakheiter ved infrastrukturen i dag:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Store avstandar, spesielt for ytre delar av regionen, med til dels dårlege vegar. Burde og vore bygd nye vegsamband. • Fiber- og mobildekning • Ikkje gode nok kollektivtilbod (og vanskeleg å utvikle til eit bra tilbod pga. lave folketal) • Har ikkje lukkast å skape nok kompetansearbeidsplassar
<p>Moglegheiter i regionen knytt til utvikling av infrastrukturen ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Betre styring med infrastrukturutvikling, felles mål for arbeidet i regionen, få vekk flaskehalsar i kommunikasjon (veg og fiber). • God tilgang til næringsareal, utnytte dette på ein heilskapleg og målretta måte • Utvikling av godt IKT-nettverk 	<p>Truslar i regionen knytt til utvikling av infrastrukturen ved større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • At ein ikkje lukkast med å legge til rette for god infrastrukturutvikling langt frå sentra • Ved større kommuneiningar vert det mindre fokus på lokale interesser, for eksempel båtsambandet som er viktig for kystkommunane • Nedleggingstrua flyplassar. Auka trussel med større kommuneiningar? • Ulikt fokus på samferdsleprosjekt i kommunane. Kan det bli rivalisering?

Utvikling av gode infrastrukturløysingar

Vår vurdering

Vi er langt på veg samd med prosjekt- og arbeidsgruppa i deira vurderingar og vil summere opp følgjande kjennemerke med infrastrukturen:

- Reiseavstandane er korte mellom kommunane i liten SiS, medan avstandane og standard på vegane er gjennomgåande svakare i HAFS. Pendlingsmønsteret speglar også dette.*
- Kollektivtilbodet er gjennomgåande svakt samanlikna med område der folketalet er høgare.*
- Regionen har eit godt skuletilbod frå grunnskule til høgskule.*

Ei større kommuneining vil kunne gje følgjande moglegheiter for utvikling av infrastrukturen:

- Meir heilskapleg arealplanlegging vil kunne skape både betre bustadområde og betre industriområde.*
- Vil kunne få større gjennomslag for å fjerne flaskehalsar innanfor samferdsle og kommunikasjon*
- Vil kunne få større gjennomslag for å bevare og utvikle utdanningstilboda*

Ei større kommuneining vil kunne skape følgjande truslar for utvikling av infrastrukturen

- Ulike delar av ein større kommune vil ha ulik interesse opp mot infrastrukturtiltak, noko som kan skape rivalisering.*

Kapittel 2.4

Mål, planar og ressursar for samfunns- og næringsutvikling

Felles mål, planar og ressursar til arbeid med samfunns- og næringsutvikling

- Arbeidet med samfunns- og næringsutvikling frå kommunalt hald er enten organisert i egne aksjeselskap eller gjennom tilsettingsforhold i kommunane. Næringslivet er godt representert i dei aktuelle fora i form av styrerepresentasjon. Samla er det omlag 14-15 tilsette som arbeider med næringsutvikling gjennom det kommunale næringsapparatet som består av:
 - **Sunnfjord Næringsutvikling AS** som er det felles nærings- og reiselivsapparatet til kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal. Selskapet arbeider aktivt mot kommunane og næringslivet for å fremje vekst og legge til rette for nyetableringar. Det er fem tilsette i selskapet.
 - **Fram Flora AS** som er Flora kommune sitt næringsapparat, og som driv fyrstelineteneste for næringsutvikling samt industriinkubator i regi av SIVA. FramFlora har ein dagleg leiar, ein inkubatorleiar og to rådgjevarar.
 - **HAFS Utvikling AS** som er ein felles utviklingsorganisasjon og eit felles næringsapparat for kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund. Selskapet vart etablert på nyåret i 2015 og har planar om å ha 4 årsverk etter at omstillingsperioden i Askvoll og Hyllestad er ute.
 - I **Gloppen kommune** består næringsapparatet i kommunen av nyleg tilsett næringsssjef.
- I tillegg har kommunane egne planavdelingar der talet på tilsette varierer per kommune.
- Landbruksnæringa vert hovudsakleg ivareteken i den ordinære kommuneadministrasjonen.
- I tillegg har ein ei rekkje næringsforeiningar i organisasjonen som enten er bransjeorienterte eller som jobbar for samfunns- og næringsutvikling i regionen. Ei samla oversikt over aktørane er lagt i vedlegg 5.
- Vi har innhenta overordna plandokument knytt til arbeid med samfunns- og næringsutvikling i regionen, sjå vedlegg 6 . I oversikta har vi også spesifisert felles planverk og satsingsområde per utgreiingsalternativ.
 - Vi ser at det i stor grad samanfallande næringsinteresser, spesielt innan dei to SIS-alternativa, men også med samanfallande interesser med HAFS-regionen og Gloppen.
 - Vi ser spesielt at HAFS-regionen har eit fokus på kultur- og opplevingsbasert næring (i tillegg til maritim næring og havbruk) og at Gloppen spesielt har interesser knytt til landbruk og matproduksjon.

Felles mål og strategiar for samfunns- og næringsutvikling

Prosjekt-/arbeidsgruppa si vurdering (1)

Arbeidsgruppa har drøfta styrkar, svakheiter, moglegheiter og truslar ved samfunns og næringsutviklingsaktivitetane i kommunane. I det følgjande er det utarbeidd eit samandrag av innspela frå arbeidsgruppa på dette område.

<p>Styrkar ved samfunns- og næringsutviklingsaktivitetane i kommunane i dag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein har mykje godt planverk (næringsplanar, arealplanar), også på tvers av kommunegrenser, som er eigna for eit regionalt næringssamarbeid • Ein har tilgang til ulik kompetanse og gode planmiljø i regionen 	<p>Svakheiter ved samfunns- og næringsutviklingsaktivitetane i kommunane i dag</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ein har i dag eit fragmentert og for lite koordinert næringsapparat, og er ikkje gode nok på å følgje opp planverk i dag • Ein har ikkje oppdaterte areal- og kommuneplanar i alle kommunane • Det krev mykje tid og ressursar å utvikle felles mål og planar for ein stor region • Føreliggjande areal- og samfunnsplanar manglar fokus på regionen som heilskap
<p>Ein ser moglegheiter til å styrke samfunns- og næringsutviklinga gjennom større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eit koordinert og slagkraftig næringsapparat (som også vert meir synleg i det nasjonale bildet), som kan profesjonalisere og utvikle tydlege og felles mål og strategiplanar for regionen • Ein vert truleg betre rigga for å møte megatrendar som urbanisering og teknologiutvikling gjennom å samordne fagmiljø • Ein felles region gjer det muleg å målrette og koordinere aktørane som jobbar med samfunns- og næringsutvikling i dag, og å dra vekslar på ulik kompetanse og lokalkunnskap • Sterkare fagmiljø og betre kapasitet til å jobbe med plan- og analysearbeid • Heilskaplege arealplanar på tvers av dagens geografiske kommunegrenser • Betre råmevilkår for industri og næringsetableringar • Fylkeskommunale oppgåver overført til kommunen, t.d. regionalutvikling, naturvern, kulturminne etc. 	<p>Ein ser truslar til å svekke samfunns- og næringsutviklinga gjennom større kommuneiningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • At ein ikkje lukkast med omstillingsprosessen • At ein ikkje klarer å ta vare på det lokale engasjementet for næringsutvikling i «bygdene», nærleik til det lokale næringsutviklingsarbeidet kan bli svekka • Bryt opp miljø som fungerer godt i dag

Felles organisering av samfunns- og næringsapparatet

Våre vurderingar

Vi er langt på veg samd med prosjekt og arbeidsgruppa i deira vurderingar og vil summere opp følgjande kjennemerke med samfunns- og næringsutviklinga i kommunane:

- Det er ein styrke at ein allereie har interkommunale samarbeid om næringsapparatet, felles planar for regional utvikling og næringsforeiningar som til dels jobbar på tvers av geografiske grenser.*

Ei større kommuneining vil kunne gje følgjande moglegheiter for styrke samfunns- og næringsutviklinga:

- Den største moglegheita ligg i å utvikle ein heilskapleg strategi tufta på næringsmessige og naturgitte fortrinn i regionen. Dette blir viktig for å styrke basisnæringane i regionen.*
- Kapasitet og kompetanse i dagens organisasjonar gjer det muleg å utvikle ei sterk og koordinert nærings- og samfunnsavdeling.*
 - viktige oppgåver vil vere å utvikle eit sterkt verkemiddelapparat (kunnskap og kapital),*
 - ei sterk plan avdeling,*
 - ein god samarbeidspart for skule/næringsliv. Nært samarbeid med næringslivet/næringsorganisasjonane og skule/forskingstilgjø, vil vere ein viktig føresetnad for å lukkast, spesielt i næringar der ein ser at ein i Sunnfjord vekst mindre enn landet elles (basis- og besøksnæringane).*
 - i Storkommunealternativet med rundt 50 000 innbyggjarar, kan ein også verte ein synleg aktør på landsbasis.*

Ei større kommuneining vil kunne gje følgjande truslar som kan svekke samfunns- og næringsutviklinga:

- Prosjekt- og arbeidsgruppene peikar på viktigheita av å bevare engasjementet til innbyggjarane for å utvikle sine lokalsamfunn. Det er ein trussel at ein ikkje lukkast i å gjennomføre gode omstillingsprosessar som i tilstrekkelig grad tek omsyn til lokale tilhøve, og at ein såleis ikkje lukkast i å ta ut vinstane som kan ligge i heilskaplege strategiar og sterke kompetansetilgjø.*

Kapittel 3

Storkommune – vurderingskriterium og konklusjon

Samfunns- og næringsutviklarrolla i kommunane

- Kommunane har ei sentral rolle når det gjeld å skape heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet og gode levekår for innbyggjarane. I analysar av kommunane si rolle som samfunnsutviklingsaktør er det vanlig å legge til grunn ein vid definisjon av samfunnsutvikling, noko som inneber innsats på ei rekkje område.
- Ei viktig målsetting med ei kommunesamanslåing er å få ein meir handlekraftig kommune som kan spele ei større rolle som samfunnsutviklar både lokalt og regionalt. Dette er m.a. avhengig av kommunane si evne til å drive god og effektiv planlegging, og å legge til rette for aktiv oppfølging av dette arbeidet. Dette føreset også at kommunane har tilstrekkelig kompetanse og ressursar både til arealplanlegging, næringsarbeid, kulturtiltak, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap.
- I mange kommunar er det vanskelig å drive heilskapleg og langsiktig planlegging fordi kommunegrensene ikkje automatisk samsvarar med bu-, arbeids- og serviceregionar, einsarta naturområder osv. Dette kan føre til ugunstige planar og investeringar som kunne vore unngått dersom større område hadde blitt sett i samanheng.
- Ei viktig målsetting for kommunane er å stimulere til næringsutvikling og auka sysselsetting. Dette er noko som også krev kompetanse, evne til nettverksbygging, gode planar og god infrastruktur. Dersom fleire kommunar innanfor same bu-, arbeids- og serviceregion driv næringsarbeid på kvar sin måte, er det fare for at kommunane endar opp med konkurrerande tiltak framfor tiltak som støtter og byggjer opp om kvarandre. Dersom føresetnadane elles er til stades, kan ein samla næringspolitikk hjelpe til med å styrke grunnlaget for næringsutvikling i heile regionen.
- Ein større kommune står sterkare når det gjelder moglegheiter til å skaffe utviklingsmidlar, trekke til seg nye verksemder (både offentlege og private) og å delta i samarbeids- og utviklingsprosjekt både nasjonalt og internasjonalt. Det er ein klar styrke å kunne tale til omverda med ei felles stemme i staden for å krangle seg i mellom.

Heilskapleg, effektiv og god planlegging og næringsaktørar med evne og vilje til samarbeid, er viktige føresetnadar for å lukkast med positiv utvikling av felles arbeids- og buregionar.

Kriterium for vurdering av kommunane som samfunns- og næringsutviklar

Ekspertutvalet har definert kriterium som skal ivareta kommunen sin funksjon som samfunnsutviklar. Omsyn til heilskapleg ivaretaking av areal- og transportinteresser og tilrettelegging for positiv utvikling i lokalsamfunnet og storsamfunnet, vil her vere viktig. For å vurdere om kommunane fyller samfunns- og næringsutviklingsrolla på ein god måte, har ekspertutvalet lagt til grunn kriteria som vist i tabellen under (venstre kolonne).

Kriteria	Vurdert ut frå forhold omtalt i ekspertutvalet
1. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde	<ul style="list-style-type: none"> Inndeling i bu- og arbeidsmarknadsregionar <ul style="list-style-type: none"> ekspertutvalet har i sin delrapport nummer to sagt at arbeidsmarknaden er tett integrert når rundt 25 % eller fleire av dei sysselsette som er busett i ein kommune jobbar i regionen sine senterkommunar. Ekspertutvalet seier vidare at ein tett integrert arbeidsmarknad bør utgjere ein kommune. Pendlingsdata mellom kommunane og reiseavstandar mellom kommunane Om grensene mellom kommunane gir særskilte utfordringar <ul style="list-style-type: none"> ekspertutvalet skriv at sjølv om kommunane når målet om 15 000 til 20 000 innbyggjarar, bør ein vurdere samanslåingar i by-område der grensene gir særskilte utfordringar. Planlagde/snart realiserte samferdselsinvesteringar Om det vil det verte eit klart definert kommunesenter i ein ny kommune, eller om ein kan risikere at det blir diskusjon og intern kamp om kvar kommunesenteret skal vere.
2. Tilstrekkelig kapasitet og kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Talet på innbyggjarar vil ha betydning for storleiken på kommuneorganisasjonen. Ekspertutvalet meiner at kommunen bør ha 15 000 til 20 000 innbyggjarar for å ha tilstrekkelig kapasitet til arealplanlegging og ei robust kommunal samfunnsavdeling. Befolkningsgrunnlag inngår difor i vurderinga. Alder på kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel I tillegg har innspel i prosjekt- og arbeidsgruppa og dokumentstudiar (strategiske næringsanalysar og næringsplanar for kommunane) inngått i grunnlaget for vurdering av om kommunane har kapasitet og kompetanse til å drive nærings- og samfunnsutvikling, samt eventuelle utfordringar med å rekruttere kompetent personell.
3. Næringsstruktur	<ul style="list-style-type: none"> Korleis næringsstrukturen innanfor næringslivet er i alternativ med ein større kommune (dette seier kanskje først og fremst noko om kva utfordringar og mulegheiter som er i ein kommune, men gir også eit bilde av utgangspunktet kommunen har å jobbe med når det gjeld næringsutvikling)

Vurdering - funksjonelle samfunnsutviklingsområde (1)

I tabellen og på dei neste sidene har vi gitt vår vurdering opp mot kriteria til ekspertutvalet

Kriterium	Vår vurdering
Bu- og arbeidsregion	<ul style="list-style-type: none"> • Det er etablert felles planar innan dei fire utgreiingsalternativa. Spesielt ser vi interkommunalt samarbeid i SiS og eit felles utviklingsselskap i HAFS-kommunane som ein styrke med omsyn til å kome fram til felles mål for samfunns- og næringsutvikling i ei eventuell storkommune. Det er vist til eksempel på samarbeid på tvers av kommunegrenser når det gjeld arealplanlegging, for eksempel næringsområde på Lutelandet og på Moskog. Dette indikerer at det er vilje og evne til samarbeid om næringsprosjekt på tvers av dagens kommunestruktur. • Gloppen er einaste kommune som ikkje er inkludert i felles planar med dei andre Sunnfjordkommunane. Dersom Gloppen vert inkludert i ei storkommune vert det viktig å inkludere spesifikke fortrinn ved næringsmiljøet i Gloppen i utviklingsplanar for regionen. • Dette indikerer at i alternativa SiS, liten SIS og HAFS har etablert samarbeid om samfunns- og næringsutvikling på tvers av kommunegrensene.
Pendling	<ul style="list-style-type: none"> • Ekspertutvalet har i sin delrapport nummer to sagt at arbeidsmarknaden er tett integrert når rundt 25 % eller fleire av dei sysselsette som er busett i ein kommune jobbar i regionen sine senterkommunar, og at ein tett integrert arbeidsmarknad bør utgjere ein kommune. • Det er stor pendling inn til Førde frå Gaular, Jølster og Naustdal til Førde (38 %, 35 % og 46 % av den sysselsette i desse kommunane jobbar i Førde). • Førde og Florø er mindre integrert som arbeidsregion (cirka 5,7 % bur i Florø og jobbar i Førde og 1,7 % bur i Førde og jobbar i Florø) • I Gloppen kommune jobbar nærmare 80 % i eigen kommune, og er såleis lite integrert med dei andre kommunane. • Det er også lite pendling i HAFS. Det er større pendling inn til Førde frå dei to største HAFS kommunane (Askvoll og Fjaler) enn mellom desse to kommunane. • Skal ein følgje kriteriet til ekspertutvalet, er det berre i liten SiS at arbeidsmarknaden er så tett integrert at det bør vere ein eigen kommune.

Vurdering - funksjonelle samfunnsutviklingsområde (2)

Kriterium	Vurdering
Reiseavstand mellom kommunar	<ul style="list-style-type: none">• I Storkommunealternativet ser vi at fleire tettstader ligg utanfor 45 minutt reisetid frå Førde, som er definert som ei øvre grense for akseptabel pendlaravstand.• For stor SiS ser vi at tettstadene i Flora ligg utanfor ein pendlaravstand på 45 minutt til Førde.• I liten SiS ser vi at alle tettstadene ligg innanfor ein pendlaravstand på 45 minutt til Førde.• I HAFS-alternativet ser vi at fleire tettstadar ligg utanfor ein pendlaravstand på 45 minutt• Konklusjon er at reiseavstand i forhold til sentrumsalternativ er ei utfordring for alle alternativ med unntak av liten SiS.
Planlagde og snart realiserte samferdsleprosjekt	<ul style="list-style-type: none">• Det er fleire planlagde samferdsleprosjekt i regionen. Ein kan spesielt nemne planar om utbetring av E39 gjennom Gaular, Førde og Jølster, samt nye vegløyser i Førde gjennom Førdepakken.• Det er også ynskjer om nye vegsamband og båtruter. Vi kan her nemne utbetring av vegsambanda frå Dale til Førde og kyststamveg.• Dei planlagde prosjekta vil gjere reiseavstandane mellom kommunane noko mindre, men vil ikkje vere svært viktige argument for større kommuneiningar.
Klart definert kommunesenter	<ul style="list-style-type: none">• Vi viser her til utgreiing to der Førde er peika på som kommunesenter i alternativa Storkommune, SiS og liten SiS og Dale som kommunesenter i HAFS.• Spesielt Florø, men også Sandane er i Sogn og Fjordane større kommunesenter i dag, som det blir viktig å ta omsyn til i den vidare diskusjonen om kommunesamanslåing.

Vurdering - tilstrekkelig kompetanse og kapasitet

Kriterium	Vår vurdering
Talet på innbyggjarar versus storleiken på kommuneorganisasjonen (min. 15 000-20 000 innb.)	<ul style="list-style-type: none"> Dalsfjordbrua er nyleg realisert, noko som har gjort reiseavstandane i HAFS langt mindre. Storkommune (46.413 innb), SiS (33.426) og liten SiS (21.564) innfrir kriteriet om minst 15.000 innbyggjarar. HAFS (8.036 innb) innfrir ikkje kriteriet om minst 15.000 innbyggjarar. Ingen kommunar innfrir i dag kravet om 15.000 innbyggjarar. I 2040 innfrir Førde (15 262 i 2040) kriteriet om 15.000 innbyggjarar om dei vel å stå åleine.
Alder på kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel	<ul style="list-style-type: none"> Det er vist til at alder på kommuneplanane sin areal- og samfunnsdel varierer mellom kommunane, og at fleire av planane ikkje er oppdaterte.
Kompetanse og kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> Kapasiteten og kompetansen varierer mykje mellom kommunane som følgje av storleiken på kommunane. For å bøte på at kommunane åleine er for små vert mange oppgåver løyst gjennom interkommunalt samarbeid (jf delrapport 2) Kommunane har gjennomgåande gode resultat der det vert publisert samanlikningar mellom kommunane på tenestekvalitet. Eit døme på dette er at fleire kommunar har gode resultat på nasjonale prøver i grunnskulen. Vi støttar arbeidsgruppa si vurdering om at eit koordinert og slagkraftig næringsapparat truleg kan bidra til å gjere Sunnfjordregionen meir synleg i nasjonal samanheng samt i større grad bidra til koordinering, utvikling og finansiering av viktige næringsprosjekt for regionen.

Vurdering - næringsstruktur

Kriterium

Vår vurdering

Korleis næringsstrukturen innanfor næringslivet er i alternativ med ein større kommune

- Bransjeanalysen viser at ein i regionen har felles utfordringar knytt til nedgang i basisnæringane¹, og at besøksnæringane veks mindre enn landet elles. Dette er ei negativ utvikling, som ein truleg kan ta betre grep om i ei større kommune fordi ein i større grad ser på heilskaplege utviklingsmønster og konkurransefortrinn for regionen samla sett.
- Dersom ein får større breidde i næringsstrukturen ved å samle kommunane i større einingar vil det vere ein fordel å slå seg saman. Ein vil få større breidde i næringslivet gjennom større kommuneiningar. Døme på fortrinn i dag er:
 - Service, handel og offentleg sektor i Førde
 - Industri, oljesektoren, fiske/havbruk og servicenæringar for industri i Flora
 - Verftsindustri, fiske/havbruk og IT miljø i HAFS
 - Landbruk, energi og industri i Gloppen

¹ At regionen samla sett har få sysselsette i oljesektoren har slått negativt ut i vårt statistikkgrunnlag (basert på 2013 tall). Årsaka er at denne sektoren har hatt høg vekst fram til 2014. Som kjent har oljeprisen gått ned og sysselsettinga i denne sektoren er i ferd må å få ein tilbakegang.

Oppsummering vår vurdering

I tabellen under har vi laga ei oppsummering som viser vår vurdering av dei ulike alternativa, der vi har nytta følgjande fargeskala:

Svært god effekt av å slå seg saman	God effekt av å slå seg saman	Noko effekt av å slå seg saman	Liten effekt / innfrir ikkje krava ved å slå seg saman
--	--------------------------------------	---------------------------------------	---

Vurderinga byggjer dels på faktum presentert i rapporten, men er også farga av våre skjønn og oppfatningar. Vi vil også understreke at kor godt kommunane klarer å samarbeide ved planlegging og gjennomføre ei samanslåing vil vere svært avgjerande. Utfallet på eit «gult område» kan dermed bli grønt dersom kommunane får til god samhandling.

Vurderingskriterium	Stor kommune	SiS	Liten SiS	HAFS
Funksjonelle samfunns-utviklingsområde	<ul style="list-style-type: none"> Godt integrert arbeidsmarknad i deler av regionen (liten SiS) Store reiseavstandar i deler av regionen Førde naturleg kommunesenter, men kan bli rivalisering 	<ul style="list-style-type: none"> Godt integrert arbeidsmarknad i deler av regionen (liten SiS) Lite integrert med Flora som arbeidsmarknad Førde naturleg kommunesenter, men kan bli rivalisering 	<ul style="list-style-type: none"> Sterkt integret region, over 25 % jobbar i Førde Små reiseavstandar Førde som naturleg kommunesenter 	<ul style="list-style-type: none"> Lite integrert arbeidsmarknad, noko som kan endre seg som følge av Dalsfjordbrua. Har tradisjon for å arbeide saman for å realisere prosjekt.
Tilstrekkelig kompetanse og kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> 46.300 innbyggjarar Blir ein stor kommune som kan bygge opp kapasitet og kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> 33.400 innbyggjarar Blir ein mellomstor kommune som kan bygge opp kapasitet og kompetanse 	<ul style="list-style-type: none"> 21 500 innbyggjarar Blir i nasjonal målestokk ein «normal» kommune over minstekravet på 15.000 innbyggjarar 	<ul style="list-style-type: none"> 8000 innbyggjarar, forventna svak nedgang fram mot 2040 For liten kommune etter krava.
Næringsstruktur	<ul style="list-style-type: none"> Får større breidde i næringsstrukturen. Mindre sårbar både for nedgang i offentleg sektor og privat sektor. 	<ul style="list-style-type: none"> Får større breidde i næringsstrukturen Mindre sårbar både for nedgang i offentleg sektor og privat sektor. 	<ul style="list-style-type: none"> Vil få noko større breidde i næringslivet, men det er avgrensa sidan mange i Gaular, Jølster og Naustdal pendlar til Førde. 	<ul style="list-style-type: none"> Vil få større breidde i næringslivet

Bransjeutvikling

Vedlegg 1

Utvikling innan bransjane sidan 2000

På dei neste sidene vil vi sjå på det vi kallar for lokaliseringskvotientar (LQ). LQ for ein bransje vert rekna ved å ta delen av tal arbeidsplassar i bransjen i forhold til sysselsettinga på staden, og dele på tilsvarende del på landsbasis. Dersom talet er større enn 1, så er det relativt mykje av denne bransjen på staden. Er talet mindre enn 1, betyr det at det er relativt lite av denne bransjen. Dersom LQ er lik 1, er bransjen like stor som på landsbasis, relativt sett.

For å kunne finne noko om korleis arbeidsplassutviklinga på ein stad har vore, må vi samanlikne det med noko. Vi brukar utviklinga på landsbasis som *benchmark*. På den måten kan vi sjå om arbeidsplassutviklinga har vore høgare eller lågare enn landsgjennomsnittet. Vi må også justere for bransjestrukturen. Nokre bransjar er i vekst, andre i nedgang. Stadar med mykje næringsliv i vekstbransjar vil kunne forvente god arbeidsplassvekst i næringslivet, mens stadar med mykje næringsliv i nedgangsbransjar, vil kunne forvente nedgang. Vi ser difor på korleis veksten på ein stad ville vore, dersom veksten *bransje-for-bransje*, var lik som på landsbasis.

Gitt at ein stad berre hadde næringsliv i landbruket, ikkje i nokon andre bransjar. Då ville denne staden forvente ein like sterk nedgang i næringslivet som det landbruket har hatt på landsbasis. Vi reknar ut korleis næringslivet på ein stad skulle ha vore bransje for bransje, dersom veksten i kvar bransje var lik som i landet som heilheit.

Vi kallar denne bransje-for-bransje-veksten for bransjeeffekt. Den *bransjejusterte* veksten er den faktiske veksten teke frå den nasjonale veksten og bransjeeffekten. Den bransjejusterte veksten blir difor eit «rettferdig» mål på korleis arbeidsplassveksten har vore på ein stad, sidan vi har justert for nasjonale konjunkturar og bransjestruktur. På den måten står f.eks. Stavanger og Hallingdal «likt» i konkurransen om å ha skapt flest arbeidsplassar.


Den bransjejusterte veksten blir eit godt mål på om staden har skapt færre eller fleire arbeidsplassar enn forholda skulle tilseie. Vi brukar den bransjejusterte veksten som mål på attraktivitet. (I besøksnæringane, dvs. oppmøtebaserte næringar som handel, servering og overnatting, justerer vi ikkje for bransjestrukturen, men for befolkningsveksten. Det er fordi stadar med befolkningsvekst automatisk vil spørje etter meir næringsliv knytt til handel o.l. Stadar som har hatt høgare vekst i besøksnæringane enn befolkningsveksten skulle tilseie, seier vi at har vore attraktive for besøk.)

I vurderinga av tabellane på dei neste sidene må ein vere klar over at enkelte næringar kan ha auke i verdiskapinga sjølv om tal arbeidsplassar vert færre. Ein del næringar er framleis viktige for verdiskapinga, men dei har blitt meir kapitalintensive. Som døme kan vi nemne spesielt fiske, men også i landbruket der vi ser denne utviklinga.


LQ for alternativ 1 - Storkommune

I storkommunealternativet er fiske og landbruk meir enn dobbelt så stort som på landsbasis. Begge desse bransjane har hatt kraftig arbeidsplassnedgang på landsbasis sidan 2000. Storkommune har også relativt mykje næringsliv knytt til næringsmiddelindustrien. Dette er også ein bransje i nedgang. Storkommune har relativt lite næringsliv i vekstbransjane olje og gass, teknologiske og vitenskaplege tenester og tele/IKT.

LQ alternativ 1 – Storkommune – 2013



Vekst i Norge 2000-2013




LQ for alternativ 2 - SiS

Dei bransjane som SiS har relativt mykje av, er bransjar som har vore i nedgang nasjonalt dei siste trettien åra. Det gjeld næringsmiddelindustri, fiske, landbruke og transportbransjen. LQ er likevel ikkje meir enn 2, dvs. at ingen av bransjane som er relativt store i SiS er meir enn dobbelt så store som på landsbasis.

LQ alternativ 2 – SiS– 2013


Vekst i Norge 2000-2013




LQ for alternativ 3 – «Liten Sis»

I «Liten SiS» er landbruket dobbelt så stort som på landsbasis. Dei andre bransjane er enten mindre eller omtrent like store (nokre også litt større). «Liten SiS» har meir næringsliv knytt til handel og overnatting enn landet som heilheit. Dette er bransjar som har vore i vekst nasjonalt.

LQ alternativ 3 – «Liten SiS» – 2013




Vekst i Norge 2000-2013




LQ for alternativ 4 – HAFS

I HAFS er delen som jobbar innan fiske ti gonger så høg som på landsbasis. Fisket har mista kvar femte arbeidsplass nasjonalt sidan 2000. Andelen som jobbar innan landbruk er over tre gonger så høg i HAFS enn den er i landet som heilheit. Landbruket er ein av bransjane som har hatt kraftigast nedgang nasjonalt sidan 2000. HAFS har nesten ikkje noko næringsliv knytt til tekniske og vitskapelege tenester, ein bransje som har hatt sterk vekst nasjonalt.

LQ alternativ 4 – HAFS – 2013



Vekst i Norge 2000-2013



Næringsattraktivitet


Vedlegg 2

Næringsattraktivitet

- Vi vil no sjå på korleis veksten har vore i dei ulike næringstypene, og vi vil korrigere for bransjeeffekten. Stadar med mykje næringsliv i nedgangsbransjar og lite i oppgangsbransjar, vil få ein negativ bransjeeffekt. Dei vil kunne forvente lågare arbeidsplassvekst enn landet elles. Den bransjejusterte veksten er den faktiske veksten fråtrekt den forventa veksten. Den forventa veksten er summen av nasjonal vekst og bransjeeffekt. Stader som har hatt ein høgare vekst enn bransjestrukturen skulle tilseie, har ein positiv bransjejustert vekst, og vi seier at dei har vore attraktive for næring. Dei har klart å utkonkurrere andre stader med tilsvarende strukturelle tilhøve, og klart å skape meir vekst enn normalt. Det er ein stor fordel for ein stad å vere attraktiv for næringsliv, fordi det er ein positiv samanheng mellom arbeidsplassvekst på ein stad og nettoflytting til staden.
- På dei neste sidene vil vi sjå på korleis den bransjejusterte veksten har vore i kommunane som er med i utgreiinga. Vi ser på perioden etter finanskrisen i 2008. Vi vel å sjå på denne perioden, sidan veksten i Norge har vore svært ujamn etter finanskrisa. Dette er også ei tid der ikkje alle stadar i Norge har kunna flyte på ei nasjonal konjunkturbølge.
- Når vi analyserer attraktiviteten i basisnæringane og i dei regionale næringane, justerer vi for bransjeeffekten. Når vi analyserer utviklinga i besøksnæringane justerer vi for befolkningsveksten på staden. Det er fordi ein stad som opplever befolkningsvekst automatisk vil få høgare etterspurnad etter besøksnæringar. Denne effekten ønsker vi å korrigere for når vi skal analysere veksten i besøksnæringane.
- Vi bruker *vekstimpulsar* når vi vil samanlikne veksten mellom kommunane. Vekstimpulsar er vekst i tal arbeidsplassar som del av samla sysselsetting. Dette gjev eit betre samanlikningsgrunnlag og filtrer bort effekten av små bransjar som har vokse mykje i prosent, men bidreg lite til sysselsettingsvekst.


Næringsattraktivitet i basisnæringane – etter finanskrisa

- Flora er den einaste kommunen som er med i utgreiinga som har ein bransjestruktur som tilseier at veksten i basisnæringane skal vere lik veksten på landsbasis.
- Førde har hatt ein solid bransjejustert vekst i basisnæringane og står fram som attraktiv for basisnæringar. Blant alle dei 428 kommunane i Norge er Førde rangert som nummer 48 når det kjem til bransjejustert vekst i basisnæringane.
- Også Fjaler og Gloppen har hatt positiv bransjejustert vekst i basisnæringane, og er difor attraktive for basisnæringar.
- Fleire av kommunane som er med i utgreiinga er blant dei 100 kommunane i Norge med lågast bransjejustert vekst. Dette er Solund, Jølster, Gaular, Askvoll, Hyllestad og Flora.




Næringsattraktivitet i besøksnæringane – etter finanskrisa

- Førde er den einaste kommunen som har hatt betre folketalsvekst enn landet som heilheit dei siste fem åra. Førde kan difor forvente høgare vekst i besøksnæringane enn landet som heilheit. Førde har hatt nedgang i arbeidsplassar i besøksnæringane, og står difor fram som lite attraktiv for besøk. Førde er rangert lågt i nasjonal samanheng med tanke på besøksattraktivitet.
- Dei andre kommunane i utgreiingsalternativa kan forvente relativt låg vekst i besøksnæringane på grunn av låg folketalsvekst.
- Naustdal har hatt mykje betre vekst i arbeidsplassar i besøksnæringane enn det føresetnadane seier, og framstår som attraktiv for besøk. Også Fjaler, Hyllestad, Askvoll og Jølster har vore attraktive for besøksnæringar.



Næringsattraktivitet i dei regionale næringane – etter finanskrisa

- Bransjeeffekten i dei regionale næringane er mindre enn i basisnæringane, sidan dei fleste stadar har ei brei samansetning av bransjane i dei regionale næringane.
- Askvoll og Gaular har ein signifikant negativ bransjeeffekt, og kan forvente relativ svak arbeidsplassvekst i dei regionale næringane.
- Hyllestad har hatt ein solid bransjejustert vekst, og vore attraktiv for regionale næringar. Hyllestad vert rangert som nummer 30 av 428 kommunar i Norge.
- Også Flora, Jølster, Askvoll og Førde har hatt sterkare vekst enn forventa i dei regionale næringane.
- Gloppen og Gaular har hatt svakare vekst enn forventa i dei regionale næringane. Dei har ikkje vore attraktive for regionale næringar.



Pendling

Vedlegg 3

Pendling - Storkommune

		Arbeidsstad										
		Flora	Hyllestad	Askvoll	Fjaler	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Gloppen	Utanfor	Sysselsette
Bustad	Flora	81,6	0,0	0,0	0,1	0,0	0,0	5,7	0,4	0,3	11,8	6099
	Hyllestad	2,0	69,1	0,3	6,7	0,1	0,3	4,5	0,0	0,1	16,8	732
	Askvoll	1,1	1,1	68,6	2,8	1,0	0,3	12,3	0,2	0,1	12,6	1486
	Fjaler	0,8	4,1	1,8	73,6	1,2	0,1	7,6	0,1	0,0	10,7	1377
	Gaular	0,6	0,3	0,1	2,0	44,1	0,3	38,4	0,3	0,1	13,8	1564
	Jølster	1,1	0,0	0,1	0,1	0,8	49,7	35,3	0,1	2,7	10,1	1638
	Førde	1,7	0,1	0,2	0,7	2,0	1,2	82,5	1,2	0,3	10,1	7151
	Naustdal	5,2	0,2	0,0	0,8	0,6	0,6	46,4	34,5	0,4	11,4	1488
	Gloppen	0,9	0,0	0,1	0,1	0,2	2,0	3,5	0,0	78,9	14,3	3071

Gaular, Jølster og Naustdal er kommunar med mykje pendling. Dei andre kommunane har relativt lite pendling. Nesten 40 prosent av dei sysselsette i Gaular jobbar i Førde. Over 35 prosent av den sysselsette befolkninga i Jølster jobbar i Førde, og over 46 prosent av den sysselsette befolkninga i Naustdal jobbar i Førde. Det vert pendla mykje inn til Førde frå desse kommunane, men graden av pendling ut av Førde til dei andre kommunane i Storkommune-alternativet er lav.

Pendlinga inn til til Gaular er størst frå Førde med 2 %, pendlinga inn til Jølster er størst frå Gloppen med 2 % og pendlinga inn til Naustdal er størst frå Førde med 1,2 %.

Frå alle kommunar i alternativet pendlar over 10 prosent til kommunar som ikkje er med i Storkommune-alternativet.

Pendling - SiS

		Arbeidsstad						
		Flora	Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Utanfor	Sysselsette
Bostad	Flora	81,6	0,0	0,0	5,7	0,4	12,2	6 099
	Gaular	0,6	44,1	0,3	38,4	0,3	16,3	1 564
	Jølster	1,1	0,8	49,7	35,3	0,1	12,9	1 638
	Førde	1,7	2,0	1,2	82,5	1,2	11,4	7 151
	Naustdal	5,2	0,6	0,6	46,4	34,5	12,8	1 488

Alle kommunane i SiS utanom Flora har ei høg grad av innpendling til Førde. Førde og Flora er kommunane med høgast del sysselsette som jobbar i eigen kommune. Dei øvrige kommunane er pendlingskommunar, spesielt Naustdal.

Over halvparten av den sysselsette befolkning i Naustdal jobbar utanfor kommunen. Av dei som bur i Naustdal er det fleire som jobbar i Førde enn i eigen kommune.

Pendling – «Liten SiS»

		Arbeidsstad					Sysselsette
		Gaular	Jølster	Førde	Naustdal	Utanfor	
Bostad	Gaular	44,1	0,3	38,4	0,3	16,9	1 564
	Jølster	0,8	49,7	35,3	0,1	14,0	1 638
	Førde	2,0	1,2	82,5	1,2	13,1	7 151
	Naustdal	0,6	0,6	46,4	34,5	17,9	1 488

Arbeidsmarknaden i «Liten SiS» er prega av at Førde er eit arbeidsmarknadssentrum. Både i Gaular, Jølster og Naustdal jobbar under halvparten av den sysselsette befolkninga i eigen kommune, og ein stor del av dei jobbar i Førde. Det er også ein tydeleg del som pendlar til ein kommune utanfor «Lille SiS».

Pendling – HAFS

		Arbeidsstad					Sysselsette
		Solund	Hyllestad	Askvoll	Fjaler	Utanfor	
Bostad	Solund	77,9	0,5	0,0	2,3	19,4	434
	Hyllestad	0,1	69,1	0,3	6,7	23,8	732
	Askvoll	0,1	1,1	68,6	2,8	27,4	1 486
	Fjaler	0,0	4,1	1,8	73,6	20,5	1 377

Kommunane i dette alternativet er lite integrert med tanke på pendling. 6,7 prosent av den sysselsette befolkninga i Hyllestad jobbar i Fjaler, og 4,1 prosent av den sysselsette befolkninga i Fjaler jobbar i Hyllestad. Mange pendlar til ein kommune som ligg utanfor HAFS.


Planar for infrastrukturutvikling

Vedlegg 4

Omtale av kunnskapsmiljø og prioriteringar i planverk (1/2)

Vi har gjennomgått strategiske næringsplanar for kommunane/interkommunale samarbeid i regionen. Vi har i det følgjande laga eit samandrag av prioriterte satsingar knytt til utvikling av kunnskapsmiljø i regionen:

Planverk	Viktige prioriteringar
Inter-kommunal strategisk næringsplan (SIS)	<ul style="list-style-type: none"> • Heilskaplege utdanningsløp frå barnehage til høgskule • Permanente høgskuleplassar innan el-kraft, undervasssteknologi og bygg og anlegg • Sikre forskingskapasitet • Fleire utdanningsprogram og forskingsprogram for næringslivet • Nye typar praksisplassar og traineeordningar • Styrke ordninga med Ungt Entreprenørskap • Tryggje eksisterande studieplassar og skape nye i samarbeid med næringslivet • Aktiv deltaking når det gjeld forvaltning av fylkeskommunale verkemiddel • Utdanningskapasitet i marine næringar i Sunnfjord
Strategisk næringsplan for Fjaler kommune	<ul style="list-style-type: none"> • UwC, internasjonalt miljø
Strategisk handlingsplan for utviklingsarbeid i Hyllestad kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomført kurs i relevante emne som næringslivet sjølv har definert behov for • Kontinuerleg avklare behov for nye kompetansehevingstiltak • Hjelp einskildbedrifter i å lage egne kompetansehevingplanar



Figur 74: Andel med høyere utdanning i næringslivet i regionene, etter arbeidssted, 2013. Rangering blant landets 84 regioner.

Henta frå «Reisen til Sunnfjordbyen, attraktivitetsanalysen», TF-nitat nr. 15/2015.

Omtale av kunnskapsmiljø og prioriteringar i planverk (2/2)

Planverk

Viktige prioriteringar

Utviklingsplan for Askvoll – Nærings- og omstillingsarbeid

- Tilflytting av unge vaksne
- Identifisere kompetansebehov og kople inn relevante fagmiljø
- Kopling til FoU-miljø
- Vere pådrivar for å få Ungt Entreprenørskap integrert i skuletilbodet i kommunen
- Vurdere behov for mentor-ordningar
- Identifisere og aktivt tilby kompetansebyggande tiltak for gründerar
- Identifisere eller bidra til å utvikle lokale / regionale gründernettverk
- Identifisere og/eller stimulere til bedriftsnettverk (reiseliv og sjømat)
- Legge til rette for møteplassar / inspirasjonsdagar /kurs som stimulerer til kreativ og nyskapande aktivitet i offentleg og privat sektor
- Bidra til kompetansebygging

Strategisk næringsplan for Gloppen kommune

- Stimulere til nettverk og kunnskapsdeling mellom bedrifter
 - Firda VGS
 - Auke kunnskap om entreprenørskap
-

Omtale av viktige prioriteringar innan samferdsle og kommunikasjon i planverk

Planverk	Viktige prioriteringar
Interkommunal strategisk næringsplan (SIS)	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføring av Førdepakken og oppgradering av E39 til naboregionane • Tilknytning til og oppgradering av RV 5 for å sikre effektiv og trygg transport i regionen og mellom regionane • Utbetre FV 57 for å knyte saman Sunnfjord til Hafs • Kystveg som bind saman Florø med naboregionane langs kysten med ferjefri kryssing av Førdefjorden for å auke arbeidsmarknadsintegrasjon kring Flora som næringsmotor • Partnerskap med fylkeskommunen for vidareutvikling av transportsystemet i Sunnfjord • Gode gang og sykkelveggar • Betre kapasitet og dekning for fiber og mobil
Strategisk næringsplan for Solund kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Bru over Ytre Steinsund • Solund ein del av Kystvegen Ålesund-Bergen
Strategisk næringsplan for Fjaler kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Heilskapleg plan for sentrumsutvikling i Dale • Sikre flyplasstilbod på Bringeland
Utviklingsplan for Askvoll – Nærings- og omstillingsarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Det er behov for meir effektive kommunikasjonsløyningar både når det gjeld veg, sjø og breiband/ høg hastigheits internett/mobilnett
Spesifikk del, Gaular kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Utnytte potensialet i Nasjonal turistveg over Gaularfjellet • Digital infrastruktur i kommunen
Strategisk handlingsplan for utviklingsarbeid i Hyllestad kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje omtalt
Strategisk næringsplan for Gloppen kommune	<ul style="list-style-type: none"> • Gode pendlarrute mellom Førde, Jølster, Sogndal, Stryn og Eid • E39 gjennom kommunen • Oppretthalde flyplass

Oversikt utviklingsaktører og næringsforeiningar

Vedlegg 5

Oversikt kommunale næringsutviklingsaktører i regionen

I tabellen under presenterer vi kommunane sitt næringsapparat. Dei fleste kommunane har eigen næringsutviklingsselskap som også har næringslivet inne på eigarsida. På neste side har vi presentert næringsforeiningane i regionen.

Utviklingsaktør	Formål	Ressurs
Sunnfjord Næringsutvikling AS	<ul style="list-style-type: none"> Nærings- og reiselivsapparatet til kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal. Arbeider aktivt mot kommunane og næringslivet for å fremje vekst og legge til rette for nyetableringar. Sekretariat for Stamvegutvalet E39 og Lufthamnutvalet. 	Dagleg leiar og 4 tilsette (næring + reiseliv). Styre med representantar frå dei 4 eigarkommunane samt næringslivet
FramFlora	<ul style="list-style-type: none"> Flora kommune sitt næringsapparat, og driv fyrstelineteneste næringsutvikling samt industriinkubator i regi av SIVA. 	Styre med representantar frå FIN, Siva, kunnskapsparken og næringslivet
Hafs Utvikling AS	<ul style="list-style-type: none"> Nyoppretta selskap med utspring frå næringsorganisasjonane i Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Skal fremje vekst i næringslivet som sikrar stabil langsiktig folkevekst i HAFS regionen. Selskapet er dotterselskap av Lutelandet Utvikling AS som er eigd av eigarkommunane. 	Søkjer dagleg leiar, har planar om 4 til 5 årsverk med ordinær drift.
Gloppen kommune	<ul style="list-style-type: none"> Har næringsapparatet i kommunen gjennom at kommunen har tilsett eigen nærings sjef 	Tilsett nærings sjef

Oversikt næringsforeiningar i regionen

Utviklingsaktør	Formål	Ressursar
Sunnfjord Næringsråd	<ul style="list-style-type: none"> Skal arbeide aktivt for å styrkje næringsutviklinga i Sunnfjord. Eigd av FIS, FIN og Bremanger Næringsråd. Skal engasjere seg sterkt for at Sunnfjord skal bli eit tyngdepunkt mellom Bergen og Ålesund. 	Styre med representantar frå bedrifter i kommunane som er representert i organisasjonen
Førde Industri- og nærings-samskipnad (FINS)	<ul style="list-style-type: none"> Skal samle alle næringsdrivande i Førde og omland til arbeid for å stø tiltak som kan fremje næringslivet sine interesser, og fremje næringsutvikling i området. Foreininga er upolitisk. 	Styre med representantar frå næringslivet
Florø industri- og næringsforeining (FIN)	<ul style="list-style-type: none"> Har som mål å arbeide for industriutvikling, næringsutvikling og innovasjon i kommunen. Skal koordinere og fremje medlemmane sine synspunkt på område av felles interesse. FIN skal vere ein møtestad for utveksling av erfaringar og nye idear. 	Styre med representantar frå næringslivet
Gaular Næringsforum	<ul style="list-style-type: none"> Samle alle næringsdrivande i Gaular kommune til arbeid for å utvikle og støtte opp om tiltak som kan fremje næringslivet sine interesser og næringsutvikling i området. Uttaleinstans for næringslivet i Gaular. 	Dagleg leiar og styreleiar
Maritim Foreining Sogn og Fjordane	<ul style="list-style-type: none"> Maritim Forening Sogn og Fjordane er ei interesseforeining for 62 maritime og offshorerelaterte verksemdar i Sogn og Fjordane med kontor i Florø. Skal fremje interessene til medlemmane gjennom aktivitetar og tiltak innan nettverksbygging, synleggjering, rekruttering og opplæring, samt styrke innovasjon- og konkurransevne slik at medlemsverksemdene kan realisere auka verdiskaping. 	Dagleg leiar og to leverandørutviklarar
Jølster næringsforum	<ul style="list-style-type: none"> Upolitisk organ som skal arbeide for å samle alle næringsdrivande i Jølster, legge til rette for næringsutvikling og fremje samarbeid mellom medlemmane, styresmakter og andre organisasjonar. 	
Gloppen Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> Næringsorganisasjon for bedrifter i Gloppen som i nyleg oppdatert strategidokument har prioritert å vere ein pådrivar for eit effektivt og godt støtteapparat, merkevara Gloppen og næringsvennleg infrastruktur. Arbeidet skal skje i nær samhandling mellom ny næringsssjef i kommunen, næringsorganisasjonen og næringsforeininga. 	Styre med representantar frå næringslivet.

Planar for samfunns- og næringsutvikling

Vedlegg 6

Planar for samfunns- og næringsutvikling i regionen (1)

Mål, satsingsområde og bransjar med særskilt fokus

I tabellen under presenterer vi gjeldande næringsplanar i regionen med tilhøyrande mål, satsingsområde, bransjesatsingar og utviklingsaktørar:

Planverk	Mål	Satsingsområde	Bransjar med særskilt fokus	Utviklingsaktørar
Interkommunal strategisk næringsplan for Sunnfjord 2014-2017 (24. juni -14)	Sunnfjord skal skape nye arbeidsplassar minst på linje med nasjonal vekst og ta plassen sin som ein sterk verdiskapande region på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none"> • Læring og kunnskapsdeling • Regional utviklingskapasitet • Nyskaping og konkurransekraft 	<ul style="list-style-type: none"> • Havbruk og marine næringar • Landbruk • Petroleum • Fornybar energi og mineral 	<ul style="list-style-type: none"> • Fram Flora • Sunnfjord Næringsutvikling • Maritim Foreining Sogn og Fjordane
Strategisk næringsplan for Fjaler kommune 2012-2016 /11.6.12)	Næringslivet i Fjaler skal utviklast vidare og det skal satsast på nyetableringar. Målet er auka verdiskaping og sysselsetting.	<ul style="list-style-type: none"> • Rammevilkår (flyplass, HAFS-samarbeid, kapitaltilgang) • Tilrettelegging (samhandling skule, næringsliv og kommune, industriutvikling Lutelandet) • Nytenking og utvikling 	<ul style="list-style-type: none"> • Offshore (Lutelandet) • Helse/rehabilitering (Hauglandssenteret) • Kultur (kunstproduksjon/kreativ næring) • Reiseliv • Landbruk/matproduksjon 	
Strategisk næringsplan for Solund kommune 2013-2014		<ul style="list-style-type: none"> • Bulyst og tilflytting • Næringsutvikling (Solund Verft, Bru Ytre Steinsund, breiband) • Opplevingar 	<ul style="list-style-type: none"> • Verftsindustri • Fiskeri/havbruk • Landbruk (sau) • Natur- og kulturbasert oppleving 	<ul style="list-style-type: none"> • Solund Næringsutvikling AS • Nordhordland næringshage • Fjordkysten

Planar for samfunns- og næringsutvikling i regionen (2)

Mål, satsingsområde og bransjar med særskilt fokus

Planverk	Mål	Satsingsområde	Bransjar med særskilt fokus	Utviklingsaktørar
Utviklingsplan for HAFS-regionen	Skal fremje vekst i næringslivet som sikrar stabil langsiktig folkevekst i HAFS regionen.	<ul style="list-style-type: none"> • Næringsutviklings-tenester og forvaltning av næringsfond • Sekretariat for næringsorganisasjonar. • Ein samfunnsutviklar i HAFS regionen som arbeider for å skape vekst, utviklande nettverk og godt omdømme i og utanfor HAFS regionen. • Styre og koordinere utviklingsprosjekt 	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje spesifikt omtalt, men viktige næringar i regionen er verftsindustri/offshore, fiske, havbruk, landbruk. 	<ul style="list-style-type: none"> • Nyoppretta utviklingsselskap
Strategisk næringsplan for Gloppen kommune 2012-2014	Møte initiativ frå næringslivet med openheit og vilje til å finne løysingar. Føreseielege rammevilkår for entreprenørskap og næringsutvikling.	<ul style="list-style-type: none"> • Bulyst og tilflytting • Næringsutvikling (inkl. infrastruktur) • Verneområde og kulturlandskap • Reiseliv 	<ul style="list-style-type: none"> • Havbruk og marine næringar • Landbruk • Petroleum • Fornybar energi og mineral 	<ul style="list-style-type: none"> • Nærings sjef i kommunen • Gloppen Næringsorganisasjon

Fellesnemnarar per alternativ

Vi har gjennomgått planane for kommunane og interkommunale samarbeid i regionen. Vi har i det følgjande laga eit samandrag av prioriterte planverk og satsingar på tvers av kommunegrenser, samt kva som i planverk er definert som viktige næringer:

Alternativ	Kva kommunar	Planverk/organisering på tvers av kommunegrenser	Viktige næringer i desse regionane
SiS	Flora, Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> Felles interkommunal næringsplan. To sentrale utviklingsaktørar, Sunnfjord Næringsutvikling og Framflora. Næringsforeiningar som i stor grad jobbar for samanfallande interesser knytt til nærings- og infrastrukturutvikling. 	<ul style="list-style-type: none"> Havbruk Landbruk Petroleum Fornybar energi og mineral
«Liten SiS»	Naustdal, Førde, Gaular og Jølster	<ul style="list-style-type: none"> Felles interkommunal næringsplan. Felles næringsorganisasjon gjennom Sunnfjord Næringsutvikling. Felles næringsforeiningar. 	<ul style="list-style-type: none"> Havbruk Landbruk Petroleum Fornybar energi og mineral
Storkommune	Flora, Naustdal, Førde, Gaular, Jølster, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gloppen	<ul style="list-style-type: none"> Strategisk næringsplan for SiS-kommunane og felles næringsutviklingsselskap Etablering av utviklingsselskap for HAFS 	<ul style="list-style-type: none"> Som over, men når det gjeld Gloppen kommune er satsinga innan mat/landbruk og reiseliv tydegare kommunisert enn i dei andre kommunane. Det er tangeringspunkt ift. liknande satsingar i Jølster og Hafs-kommunane, samt at alle kommunane er tydelege på at dei ønskjer å utvikle attraktive bu-kommunar.
HAFS	Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Solund	<ul style="list-style-type: none"> Fusjonert utviklingsselskap med utspring i utviklingsaktørar i eigarkommunar. Etablert på nyåret 2015 og har plan om å lage felles strategidokument som grunnlag for utvikling av regionen. 	

Referanseliste

Vedlegg 7

Referanseliste

Telemarksforskning (2015): «Reisen til Sunnfjordbyen, attraktivitetsanalysen», TF-notat nr. 15/2015

Telemarksforskning (2014): «Regionsanalyse Sogn og Fjordane», TF-notat nr. 62/2014

Agenda Kaupang (2014): «Befolkningsframskriving i Fjaler». Rapport til Fjaler kommune

Kommunale planar for kommunane som deltek i «Kommunereform i Sunnfjord»

Vurderingar gjort av prosjekt- og arbeidsgruppa for prosjektet «Kommunereform i Sunnfjord»

www.nykommune.no

www.ssb.no